

# Frasesamling

---

## 1. Innleiing/opning

### Introduksjon av problemstillinga/temaet:

- I boka/teksten/artikkelen Y hevdar X at ...
- I det siste har me/vi sett at ...

### Kva du skal gjera:

- I denne teksten vil eg sjå på ...
- Med utgangspunkt i teksten til X vil eg sjå på ...

### Kva rekkjefølgd du skal gjera det i:

- Først/Fyrst vil eg ta føre meg ...
- Deretter vil eg ...
- Som ei avslutning vil eg ... / Til sist skal eg ... / Mot slutten vil eg ...

## 2. Hovuddel

### Samanbindingsfrasar:

- Trass i at ... / Jamvel om ... / Endå (om) ...
- Jamvel ... / Til og med ...
- I hovudsak har ...
- I alle fall/iallfall ser me at ...
- Med andre ord: ...
- På eit vis er det ...
- Likevel ... / Like fullt ... / Kor som er ...
- Samstundes/samtidig er ...
- På det viset er ...
- I og med at ... / På grunn av at ...

### Presentera synet ditt:

- Slik eg ser det, så ...
- Eg vil hevde/hevda at ...
- Eg meiner/tykkjer at ...
- Til liks med X meiner eg at ...
- I motsetnad til X meiner eg at ...

### Underbyggja argumenta du nyttar:

- Slik kan me/vi sjå at ...
- Her ser me/vi korleis ...
- Etter det X skriv, så ...

**Samanlikna tekstar/argument/meiningar:**

- Skilnaden/forskjellen mellom X og Z er at ...
- På den eine sida ser me/vi ...
- På den andre sida ...
- Til liks med X meiner Z at ...
- I motsetnad til X meiner Z at ...

### **3. Avslutning**

- I denne teksten har eg prøvd/freista å seie/seia noko om ...
- Som me/vi har sett, så ...
- Eg har no peikt på korleis X ...
- I opninga drog eg fram korleis X ...
- Me/vi kan konkludere/konkludera med at ...
- Me/vi kan avrunde/avrunda med å seia/seie at ...
- For å summere/summera opp: ...